

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	TI-&75, FE-033	18/790

Saknr	Utval	Type	Dato
005/2020	Eldrerådet	PS	03.01.2020

## Planstrategi for Masfjorden 2020 - 2023 - høyring

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Planstrategi for Masfjorden 2020 - 2023 framlegg i samsvar med formannskapsvedtak 073-2019	18.12.2019
Oppstart av arbeid med planstrategi for Masfjorden kommune - sak 073-2019 i formannskapet den 21.10.2019	18.12.2019

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet har drøfta framlegg til planstrategi for Masfjorden kommune 2020 – 2023 og har følgjande merknad/innspeil til dette:

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn og fakta:

Formannskapet i Masfjorden har i møte den 21.10.2019, i sak 073/19, og i medhald av plan- og bygningslova sin § 10-1 gjort vedtak om å leggja framlegg til planstrategi for Masfjorden kommune 2020 – 2023 ut på høyring.

Planstrategi er ei vurdering av kva planbehov ein kommune har og kva prioriteringar kommunestyret gjer i valperioden. Planstrategien er ikkje formelt bindande og kommunestyret kan gjera endringar og prioritera om dersom det er gode grunnar for det.

Planarbeid, som ikkje er omtala i planstrategien, kan verta sett i gang utan ny handsaming av planstrategien, men dersom kommunestyret ønskjer å leggja bort større planoppgåver som var prioritert, bør dette grunngjevast og skje ved at kommunestyret endrar planstrategien.

Planstrategien kan gje signal om kva private planinitiativ som kan venta å få positiv handsaming, men planstrategien har ikkje direkte rettsverknad i høve til innbyggjarar. Det kan ikkje klagast på eller fremjast motsegn til kommunen sin planstrategi.

Strategidokumentet med tilhøyrande saksdokument vert lagt ved saka.

Planen vert med dette lagt ut på høyring i perioden 20. desember til 20. januar 2020.

### **Vurdering**

Det er svært ønskjeleg at det kjem inn synspunkt på dette dokumentet, slik at saka vert godt belyst før den går opp til endeleg slutthandsaming i kommunestyret i 2020.

### **Konklusjon**

Saka vert å drøfta i eldrerådet.

### **Eldrerådet - 005/2020**

#### **ER - behandling:**

Tatt til orientering

Eldrerådet utfordrar/inviterar pensjonistlaga i kommunen til å sende inn fråsegn til planstrategi. Planframlegget vert å sende ut til pensjonistlaga på høyring.

#### **ER - vedtak:**

Eldrerådet utfordrar/inviterar pensjonistlaga i kommunen til å sende inn fråsegn til planstrategi. Planframlegget vert å sende ut til pensjonistlaga på høyring.